

Barneverntenester i Helse Bergen sitt opptaksområde

Offl. § 14

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Dato:
2016/7982 - 66897/2016 Charles Lindberg 01.07.2016

Innføring av digital lesetilgang til journal

Frå 19. september 2016 vil pasientar i psykisk helsevern over 16 år i Helse Vest få lesetilgang til sjukehusjournalen sin på nett via helsenorge.no (Vestlandspasienten). Det same gjeld foreldre som ynskjer å lese i journalen til sine barn under 12 år. Når det gjeld journalen til barn mellom 12 og 16 år, må foreldre be om denne ved skriftleg førespurnad til Helse Bergen slik som idag.

Retten til kopi av eigen journal (innsynsrett) har pasientar hatt i mange år. Det som er nytt er at pasientane får enklare og raskare tilgang til journalen når dei ikkje må vende seg til sjukehuset først. Pasientane kan ikkje sjølve skrive i journalen.

Det er per i dag ikkje avgjort kva for type dokument som blir tilgjengeleg via nettet. Innsynsretten gjeld imidlertid som utgangspunkt alt som finst i journalen. Dette vil til dømes også gjelde tilvisingar med vedlegg frå barnevernet til Psykisk helsevern for barn og unge i spesialisthelsetenesta. Dei delane av ein pasientjournal som ikkje vert tilgjengeleg via nettløysinga, vil altså ein pasient og foreldre til barn under 16 år kunne be om å få tilsendt utskrift av – slik som før.

Helsepersonell kan berre gjere unntak frå innsynsretten for heile eller delar av journalen i heilt spesielle tilfelle, jf. pasient- og brukarrettslova § 5-1, andre ledd. Vilkår er

1. at unntak er naudsynt for å hindre fare for liv eller alvorleg helseskade for pasienten eller
2. innsyn er klart utlrådeleg av omsyn til personar som står pasienten nær


Tilvisingar frå barnevernet vert skanna inn i elektronisk pasientjournal når dei kjem til spesialisthelsetenesta utan nokon gjennomgang eller sortering først. Dette betyr at barneverntenesta må gjere ei vurdering av kva for opplysningar som er relevante og naudsynte for spesialisthelsetenesta si behandling av tilvisinga. Det er til dømes som regel ikkje naudsynt at *alt* materiale som finst i barnet si saksmappe hjå barnevernet blir sendt til Psykisk helsevern for barn og unge.

Vi ønskjer med dette informasjonsskrivet å gjere dykk kjende med den utvida service som sjukehusa i Helse Vest no vil tilby, og at barnevernet er medvitne om dette ved innsending av opplysningar til oss.

Vi viser for øvrig til utfyllende informasjon om samarbeidet mellom barnevernet og psykiske helsetenester i felles rundskriv frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Nr. 21/2015) og Helsedirektoratet (IS-11/2015) samt til standard tilvisingsskjema som tidlegare er utarbeidd.

Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid.

Med venleg helsing



Liv Kleve
Klinikkdirektør

HELSE BERGEN
Haukeland Universitetssjukehus
Divisjon Psykisk helsevern
Klinikk Psykisk helsevern for barn og unge